



Byggraad AS
Fleslandsvegen 235 A
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1946 - 16/27397

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

03.10.2016

Førebels svar - trong for yttarlegare tilleggsdokumentasjon gbnr 123/148 Risa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.07.16 samt supplerande dokumentasjon 27.09.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Planstatus

Eigedommen er omfatta av reguleringsplan Rissundet/planid. 1263-28091977, arealet er avsett til bustadføremål.

Teikningar

Situasjonsplanen er ikkje påført ytre hovudmål på det omsøkte tiltaket. Det er ikkje dokumentert at det let seg gjere å snu på eigen grunn. Vidare er ikkje siktsoner påført i høve synt avkøyrsløve. Situasjonsplan er ikkje påført parkeringsplassar.

Tiltaket krev at det vert søkt om og ligg føre avkøyringsløyve til offentleg regulert veg, slik søknad sendast Lindås kommune ved Teknisk drift.

Tiltaket krev at det vert søkt om og ligg føre påkoblingsløyve til kommunalt vatn- og avlaupsnett, vi kan ikkje sjå at dette er søkt om/ligg føre. Søknad om påkoblingsløyve sendast til Teknisk drift.

Det går regulert byggegrense mot veg langs heile eigedomen, eigedomsgrense og regulert føremålsgrense mot veg er ikkje samanfallande.

På innsendt situasjonsplan er ikkje regulert byggegrense teke med, det kan sjå ut som om at tiltaket er plassert i strid med regulert byggegrense.

Vi ber om ei skildring med omsyn til plassering av bustaden på eigedomen i høve regulert byggegrense (oppdatert situasjonsplan). Vi stiller spørsmål med synt plassering av bustaden med omsyn til krav til uteopphaldsareal gjeve i føresegna § 2.5 og ber om tilbakemelding på nemnde. Synt plassering legg store avgrensingar på det arealet som ligg mot sørvest, solrikt og solventt areal.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan jf. punkt ovanfor.
2. Søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense dersom tiltak er plassert i strid med nemnde, slik søknad skal nabovarslast, justert plassering av tiltaket skal nabovarslast.
3. Påkoblingsløyve til kommunalt vatn- og avlaupsnett.
4. Avkøyringsløyve.
5. Skildring med omsyn til uteopphaldsareal.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.12.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggraad AS

Fleslandsvegen 235 A 5258

BLOMSTERDALEN